

Soknepresten i Øygarden



Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato.:31.01.03

Soknepresten si Årsmelding 2002

Eg viser til Årsstatistikken for 2002.

Etter at eg vart sett til konstituert sokneprest i Øygarden i mai i fjor tok eg til for fullt i tenesta torsdag 16.august 2002. Eg har vorte særst godt motteke og trivs særst godt.

Øygarden har eit tydeleg gamaltruande preg over det kyrkjelege og kristelege arbeidet som går godt saman med det eg står for. Kommunen og Kyrkjeleg Fellesråd har lagt gode rammer for arbeidet. Ikkje minst finn eg grunn til å nemna sentralt plasserte store og moderne kontor med mange hjelpemiddel, og gode medarbeidarar. Det er gledeleg at soknepresten er særst mykje brukt i dei to sokna, og difor er mykje i felten. I Øygarden er ein ”landsbyprest” i klassisk forstand. Særleg vil eg her peike på sjelesorga. Det kan merkast at noverande sokneprest Svein Morland har lagt ned eit stort og godt arbeid sidan 1986. Det same kan seiast om mange tidlegare prestar i Øygarden(Herdla) prestegjeld. For meg går det særst greitt å gjere teneste i prestegjeldet med bustad på Ågotnes. Det tek t.d. mindre tid til kontoret på Rong enn til mitt gamle kontor på Straume.

I det følgjande vil eg kort kommentera nokre av tala i statistikken for det året som er gått.

1.3 og 1.4 Døypte

Tala er om lag dei same som tidlegare. Få vert døypte utansokns.

1.5 og 1.6 Ekteskap

Det er ein særst stor auke i tale på vigde. Hjelme gamle kyrkje ser ut til å få ein renessanse som vigdelskyrkje.

1.8 Gravferder

Det har vore mykje å gjere på denne fronten med 36 som er jordfesta i prestegjeldet.

1.9 Konfirmerte

Tala er dei same som i fjor.

1.10-2.5 Gudstenester

Talet på gudstenester med nattverd er vel noko lavt i relasjon til talet på gudstenester totalt. Noko mindre gudstenesteframmøte i Blomvåg, langt meir i Hjelme enn i 2001.

Vi takkar Herren som har ført sitt folk fram den siste etappen, og ber om at Han som tok til med den gode gjerninga i oss, og må fullføra henne inntil Jesu Kristi Dag.(Fil.1,6)

Med venleg helsing

Dykkar i Tenesta

Org.nr.: 874 741 582

Adresse Kontor:Boks 144, 5331 Rong

Adresse Heimekontor: Maggevarden 56, 5363 Ågotnes

Telefon Kontor: +47 56 38 22 44

Telefon Heimekontor: +47 56 32 17 73

Mobil: +47 950 67890

Faks: +47 56 38 22 41

Epost: svennm@c2i.net

Svenn Martinsen/s/
k.sokneprest

Org.nr.: 874 741 582
Adresse Kontor:Boks 144, 5331 Rong
Adresse Heimekontor: Maggevarde 56, 5363 Ågotnes
Telefon Kontor: +47 56 38 22 44
Telefon Heimekontor: +47 56 32 17 73
Mobil: +47 950 67890
Faks: +47 56 38 22 41
Epost: svennm@c2i.net